¹ Derfor er det grunn til å tro at andrespråklærere og elever i urbane strøk på Østlandet ikke opplever dette som særlig problematisk, fordi det lokale talemålet der ligger atskillig nærmere skriftspråket bokmål enn det gjør i f.eks. Trøndelag.

² Jeg tok da båndopptak i norskundervisninga og dro dessuten hjem til informantene og intervjuet dem.

³ Styrk Hansen (1989:3-4) deler radikalt bokmål inn i to hoved-varianter. Den ene varianten ligger nært opp til nynorsk i ordformer (f.eks. *kvit*, *vatn*, *heil*, *heim*, *aust*), men er mer tradisjonell i bøyningsformene (f.eks. *kastet* i stedet for *kasta*). Den andre varianten er basert på sørøstnorsk bymål og bruker gjerne ordformer som f.eks. *hytt*, *vann*, *hel*, *hem*, *øst*, men bruker ellers mye a-former i substantiv og verb.

Litteraturliste

- Beebe, Leslie M. (1985): "Input: choosing the right stuff". I: *Input*

- | | | |
|---|--|--|
| <p><i>in Second Language Acquisition.</i> (Red.) Susan M. Gass & Carolyn G. Madden. Cambridge: Newbury house Publishers, 404-414</p> <p>Goldstein, Lynn M. (1987): "Standard English: The Only Target for Nonnative Speakers of English?" I: <i>TESOL Quarterly</i>, vol .21, No. 3:417-436.</p> <p>Hallaråker, Peter (1983): <i>Norwegian Nynorsk: An Introduction for Foreign Students</i>. Bergen, Oslo: Universitetsforlaget.</p> <p>Husby, Olaf (1986): "Normer for norsk som andrespråk?" I: <i>Kontaktblad for norsk som andrespråk/fremmedspråk i Norge</i> nr.2, 5-12.</p> <p>Husby, Olaf (1990): "Forholdet skriftspråk-talespråk i undervisning av fremmedspråklige." I: <i>Kontaktblad for norsk som andrespråk/fremmedspråk i Norge</i> nr. 2, 41-49.</p> <p>Klein, E. (1986): <i>Koreans in Seoul and Honolulu: Aiming for Different Targets</i>. Upublisert manuskript (Jeg har ikke fått tak i denne).</p> <p>Manne, Gerd (1989): <i>Ny i Norg.</i> Oslo: Fag og kultur. Prøveutgave</p> <p>Milon, John P. (1975): "Dialect in the TESOL Program: If You Never You better." I: <i>On TESOL '75</i> (Red.) Marina K. Burt og Heidi C. Dulay. Washington D.C., 159-</p> | <p>167.</p> <p>Styrk Hansen, Pål (1989): "Hvor blei det av det radikale bokmålet?" I: <i>Språklig samling</i> nr. 3</p> <p>Valsø, Ingvild (1989): <i>Lærerspråket. En undersøkelse om valg av språkvarianter hos lærere i norsk som andrespråk</i>. Semesteroppgave i AVS1/UniT/AVH, Trondheim 1989. Oppgava fins på instituttbiblioteket til Institutt for Anvendt Språkvitenskap.</p> <p>Aambø, Reidun (1993): "Nynorsk opplæring for utenlandske studentar?" I: <i>Norsk læraren</i>, nr. 2, 60-64.</p> | <p>Husby, Olaf (1993): "Et terskelnivå for uttale." I: <i>Et terskelnivå for norsk</i>. Forf.: Bjørg Svanes m.fl. Oslo: Cappelen, 181-190.</p> <p>L-1992: <i>Læreplan for grunnskoleopplæring av fremmedspråklige voksne</i> (1992), Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.</p> <p>LVG-1991: <i>Læreplan for den videregående skole: Del 2 Felles allmenne fag</i>. Oslo: Gyldendal.</p> <p>M87: <i>Mønsterplan for grunnskolen: M87</i>. Bokmål. Oslo: KUD og Aschehoug.</p> <p>R-1985: <i>Rammeplan for undervisning i norsk med samfunnsorientering for voksne flyktninger og innvandrere</i> (KUD, 1985).</p> <p>R-1988: <i>Rammeplan: 500 timer norsk med samfunnskunnskap for fremmedspråklige voksne</i>. Oslo: KUD.</p> <p>R-1988A: <i>Alfabetisering: Tilleggshefte til Rammeplan: 500 timer norsk med samfunnskunnskap for fremmedspråklige voksne</i>. Oslo: KUD</p> <p>R-1991: <i>Rammeplan i norsk med samfunnskunnskap for fremmedspråklige voksne</i>. Oslo: KUD</p> <p>Ryen, Else (1984): "Det norske språksamfunnet." I: <i>Kan jeg få ordene dine, lærer?</i> (Red.) A. Hvenekilde & E. Ryen. Oslo: LNU/Cappelen, 9-23.</p> |
|---|--|--|

Annan relevant litteratur

- Alford, Randall L. & Strother, Judith B. (1990): "Attitudes of Native and Nonnative Speakers Toward Selected Regional Accents of U.S. English". I: *TESOL Quarterly*, vol.24: 479-495.
- Granviken, Sissel (1986): *Norsk som andrespråk i videregående skole*, Oslo: RVO.
- Horvei, Kari (1992): *Norsk for fremmedspråklige elever sett fra logopedisk synspunkt*. Bergen kommune, kommuneavdeling skole - Pedagogisk veiledningsstjeneste.

2 Samtiden

TIDSSKRIFT FOR POLITIKK, LITTERATUR OG SAMFUNNSSPØRSMÅL

RED.: THOMAS HYLLAND ERIKSEN

TRANSVESTITTER I TYRKIA

HAYDEN WHITE OM HISTORIEN

BISLET BAD

JA, jeg bestiller et abonnement på SAMTIDEN og ønsker:

Studieabonnement kr.250,-

Kampanjeabonnement lærere kr.250,-

NAVN.....

ADR.....

POSTNR./STED.....

Sendes SAMTIDEN, P.b. 363, Sentrum, 0102 Oslo

Kva skal vi med nynorsken og kva skal vi med sidemålet?

Kommentar frå Anders M. Andersen

Dette gamle gode spørsmålet frå 1907 til i fjor krev eit svar, denne gongen til ein norsklærar. Reidun I. A. Pedersen skriv ho er mot det eine og ikkje det andre. Men fekk ho vekk det eine, fekk ho òg vekk det andre. Frå sidemålet blei innført har åtaka på det kome frå folk som vil nynorsken til livs. Grunnen er den enkle at nynorsken er offisielt og jamstelt skriftmål. Og skal måla vera jamstelte, må dei læra. Vil ein ha vekk nynorsk som offisielt mål, er den enklaste måten å gå laus på sidemålstilen. Slik Riks-målsforbundet har gjort i alle år, slik Høgre gjorde så lenge det var Høire, og slik Fremskrittspartiet og Finn Erik Vinje framleis gjør.

Eg kan ikkje gå med på at det er usakleg å peika på dette, slik Reidun I. A. Pedersen vil ha det til. Og sjikane når eg tok føre meg artikkelen hennar? Eg held meg til teksten og går ikkje utanom den; det er faget mitt, ja vårt. Veikskapane og den manglande samanhengen i artikkelen hennar tillet eg meg å peika på. Slike får alle som skriv finna seg i.

Eg reagerer serleg på bruken hennar av ordet «pedagogisk», som skal få alle andre sider ved saka til å dunsta vekk. Skulen finst ikkje (berre) for pedagogikken si skuld, og pedagogikken er ikkje målet for alt. Faga og fagemna finst for samfunnet og for elevane. Målet er kunnskap. Pedagogikk og metodikk er middel og måtar å gje og få kunnskap med.

Læra å skriva nynorsk og bokmål skal elevane for å bli dugande og brukande i samfunnet og for seg sjølv. Kunnskap må sjåast som ein rett. Når vi har to skriftmål, er det ein rett for alle å få læra dei. Retten til å vera uvitande er det ikkje skulen si oppgåve å stetta.

Visst finst det reint pedagogiske grunnar for å læra fleire språk og språkformer, som kan vera gyldig argumentasjon for sidemålsopplæringa. Det er vel noko alle språklærarar veit og har røynt at kunnskap om fleire språk og variantar aukar den allmenne språkevna. Ein blir betre i norsk av å kunna tysk, fransk, spansk eller islandsk. Og ein blir ein betre norskbrukar av å kunna dialektar, språkhistorie, bokmål, nynorsk, gammelnorsk, dansk og svensk.

Dette er innlysande, så sant ein ikkje brukar «pedagogisk» som argument mot læring. Ein kan gjera pedagogikken til mål, slik somme gjer, men då kjem ein før eller seinare gale i veg. Når det blir det same kva ein lærer, endar det med at ein får læra berre det som er enkelt og greitt og som passar skulen eller læraren; og eleven på svært kort sikt. Læra er då blitt eit intransittivt verb, og skulen ein stad der det ikkje er tema, berre rema. Om slike finst berre i hovudet

Tidlegare innlegg i denne debatten om sidemålet i skolen har stått i Norsk-læraren nr. 4/93, 5/93 og 1/94.

på visse skuleideologar, er det skadeleg nok når desse folka har makt til å laga skulen etter sine hovud. Det er mot slike holdningar og slik tankeløyse vi treng å forsvara faget og fagkunnskapen.

Den kunnskapsfiendslege pedagogismen har vore nyttå mot grammatikk, mot eldre språk og språkhistorie, mot det meste som er gammalt, norsk eller vanskeleg. Og det har vist seg ganske lett å få ut kunnskap, endå lettare i tysk og fransk enn i norsk. Grunnen er vel så enkel at det går av seg sjølv å legga seg ned og krev litt energi å halda seg oppreist.

Difor er det ikkje noko godt argument mot nynorsk sidemål at det er pedagogiske problem med å læra det. Det er noko med alt, som det heiter; det er eit strev, ein kamp i sivet. Og så? skal vi gje opp? I alle fag og emne diskuterer ein metodar for å vinna over vanskane, motivering og metodikk. I eitt emne gjer ein ikkje det, eller berre spesielt interesserte gjer det. Men det er gjort viktige og ulike nyvinningar i metodikk for nynorsk sidemål i seinare år. Det kunne kanskje vera ei oppgåve for Landslaget for norskkundervisning å få til seminar om nynorsk som sidemål?

Den nye fagplanen for norsk i vidaregående skule vil styrka sidemålet og heile norskfaget, etter ein strid som har gått over fleire år. Mindre enn nokon gong er her grunn for oppgjeving og pessimisme. I staden må vi norsklærarar no få styresmaktene til å fylgja opp planane i praksis, ved å styrka utdanninga av norsklærarar og ikkje minst satsa på etterutdanning.

Heller ikkje i svaret sitt kjem Reidun I. A. Pedersen med faglege argument for å ta vekk den skriftlege sidemålsopplæringa. Dei faglege spørsmåla vik ho heile tida unna. Og etter å ha gått krasst ut mot nynorsk i artikkelen, kjem ho att og er ikkje for den eine eller den andre målforma. Ho meiner å vera i godt selskap fordi andre har skrive om purismen i det nynorske ordtilfanget. Det er vel litt snikande å ta folk som vil forandra nynorsken til innteckt for å få nynorsken ut?

Reidun I. A. Pedersen viser til eit ordskifte om purisme som er i gang i *Norsk-læraren*, men krev at ein held seg til ordtilfanget i nynorsk. Mi påvising av at purismen finst i bokmålet òg, vil ho ikkje diskutera. Her reittar ho ein gong til åtaket mot nynorsk, som det skulle vera «usaklig», «personangrep og ordkløveri», «kjepphester og billige poeng» å påvisa.

Slik blir det reagert når ein skriv imot på motparten sine premissar og held seg til saka. Eit anna svar kunne vore å peika på alle problema bokmålet fører til, pedagog-

isk og fagleg. Når eg ikkje gjorde det, er det fordi eg er for kunnskap. Bokmålsmakta er eg imot («kjephest»), men målet skal læra. Det store fleitalet ville vinna mykje på å læra nynorsk først, men det gjer meg ikkje til motstandar av kunnskap i bokmål.

Av ein eller annan grunn er det berre delar av bokmålsida som er imot opplæring i det andre skriftmålet. Dei krev monopol; fleirtal og overmakt er ikkje nok. Dette språkpolitiske standpunktet kan ein kanskje argumentera

for med faglege og pedagogiske grunnar, men Reidun I. A. Pedersen har ikkje gjort det. Og eg trur det skulle bli vanskeleg.

Reidun I. A. Pedersen etterlyser nyttig og relevant debatt. For meg blir debatten nyttig når han går ut på å gjera undervisninga betre og auka kunnskapen.

Anders M. Andersen

NYNORSK SPRÅKBRUK OG STILSKRIVING

Dette arbeidsheftet er både ei *innføringsbok* og ei *hjelpebok*. Boka høver godt til sjølvstudium.

FRÅ INNHOLDSLISTA:

- Aktivt, konkret, verbalt, personleg og variert
- Attergangarfeil i sidemålsstilane: minigrammatikk
- Perfektum partisipp
- Dobbel bunden form
- Genitiv
- Substantivsjuke
- Anbhetelse
- Omsetjing til nynorsk
- Skulestilen som genre
- Oppgåvene i hovudmål og sidemål
- Tekst-genrane
- Tekstkommentar
- Oppgåver med reklametekst
- Litterære oppgåver
- I grenselandet: Sakprosa og litterær tekst
- Diktanalyse som norsk stil
- Analyse av prosatekstar
- Eksamensoppgåver

Hans H. Skei
Nynorsk språkbruk
og stilskriving



Ja, vi tingar ___ stk. Nynorsk språkbruk og stilskriving. Pris kr 70,- + porto.

Namn:

Adr.:

Postnr.: Poststad:

Telefon:.....

Underskrift:
(skriv tydeleg)

Du kan også ringje inn tinginga di på
telefon 22 11 14 55, eller fakse til 22 41 42 10

DAG OG TID
betalar
portoen
i Noreg

Svarsending
Avtalenr. 120000 / 120 / om

DAG OG TID

Sentrums
0109 Oslo

Sveinung Time:

Symbol og identitet i [Norge]

- refleksjonar om

Det Nynorske Prosjektet i Aasen-året

"Hvad er Loven?" spor Presten ein Vaak.
Nei, oss h'kj' Laave, svaaraa 'n, oss truska Konne vaart i Bursvalen.
Frå Ivar Aasen: Norske Minnestykke (ved Jens Lindberg). Kra 1923

I 1835 begynte Henrik Wergeland på ei stor Fortelling – som vi alle dagleg skriv vidare på/i: fortellinga "Om den norske Sprogreformation". For anledningen forenklar vi litt, og reknar dette for den første teksten som i teori og praksis starta debatten om og arbeidet for eit nytt *norsk* skriftspråk:

Det er ikke længer Navnet af et norsk Skriftspråk og norsk Literatur, som Normændene ville vinde; [...] Men nu er det Virkeligheden af et selvstændigt Skriftspråk, som fremæsker Norges Aander

Wergelands fortelling skisserer to mulige utgangar på dette prosjektet:


1. Lykkelig utgang: Ved hjelp av ressursane i allmuen og folkets tale skulle det landsgyldige danske skriftspråket i Norge reformaterast og oppstå som eit nytt sjølvstendig skriftspråk. Ikkje fordi den nye nasjonen treng det som eit instrument, men fordi det er det fremste kjennemerket på sjølve nasjonaliteten og eit vilkår for nasjonal individualitet:

Dette maa Tiden af sig selv afføde før Aarhundredet nedrødmer, og saameget snarere som Krafteerne derfor forenes [...]

2. Ulykkelig utgang: Wergeland lar artikkelen munne ut i ein apokalyptisk undergangsvisjon av kva som vil skje viss

vore værste Danomaner [lykkes] at indgyde Folket Ringeagt for sig selv – da skal Fædrelandet vorde den vanærende Qvinde eller den arme Moder ligg, der krænkedes [...] lige indtil at hun *udvandrer af sit Huus*, og livsled, med *hendende Øine* og et fastnet, følelsessløst Smiltræk om *den lukte Læbe*, sætter sig paa den stormige Hævbryne. Og Havet voxer og rører alt hendes Ankel, hendes Knæ, hendes Belte, og Stormen bortfører hendes Lokker; men *Blikket livner ikke*, og Smilet *losner ikke*; hun rører sig ikke – likegeldig enten hun skal borthvirvels af Østens Storme eller af Bølgerne fra Sønden.

Som kjent delte det nasjonale språkprosjektet seg i to fornorskingsstrategiar – utforma av to eineståande fagfolk: Knud Knudsen og Ivar Aasen. Så då Wergelands hundreår 'nedrødmet', var 'danomaniet' overvunne og grunntrekka i språksituasjonen



Horacio E. Ayestaran
<http://svr-www.eng.cam.ac.uk/~hea/Personal.html>

dei same som i dag: ikkje bare *eitt* nasjonalt skriftspråk, men *to* politisk-juridisk jamstelte skriftformer gjorde/gjer krav på å vere landsgyldige og gode nok til å representere heile folket og "fremæske Norges Aander". Dette er ein situasjon vi verken som fagfolk eller menige språkbrukarar heilt kan semjast om er ein unik fordel eller ei ulempe – bl. a. fordi den norske språkutviklinga handlar om langt meir enn lingvistikk: Heilt sidan Wergelands tid har den vore knytt til politiske, kulturelle og sosiale motsetningar i landet – noe som igjen har vist seg som ei sterk organisering av ulike grupperingar og ei sterk 'institusjonalisering' av sjølve språkstriden og kanskje gitt hovudtrendar og -posisjonar i utviklinga eit sjølv-forsterkande preg?

Eit nytt hundreår har gått sidan Knud Knudsen (1895) og Ivar Aasen (1896) gjekk bort i Wergelands solnedgang. Alle langvarige og viktige stridar får si 'krigshistorie'. Slik også med den norske språkstriden. Vitnemåla og kjeldetilfanget er rikelig – og

både dei folkelige og faglige fortellingane om kva som skjer/ skjedde er mangfaldige. Denne artikkelen skal derfor ikkje skildre eller oppsummere tida som har gått. Men på tampen av det Herrens Aasen-året 1996 vil eg som deltarar i 'Det Nynorske Prosjektet' prøve å stille ein type spørsmål vi ikkje er like rikelig velsigna med som vi er med små og store heroiske fortellingar eller dialektologiske feltstudiar frå språkfronten – dvs kjettariske problemstillingar og eksistensielle, sjølkritiske spørsmål.

Alle som kjempar for ei sak pliktar nemlig frå tid til anna å stoppe opp og bytte ut spørsmålet "Kva er best for saka mi?" med spørsmål som: "Kva er saka mi til for?" – "Korleis kan ho legitimerast i dag – hundreogfemti år etter at ho blei formulert som 'sak'?" – "Fungerer sakföringa mi meir ekskluderande enn inkluderande?" – "På kva måte kan saka eventuelt reformulerast?". Med andre ord: Som tradisjonsformidlarar (og -forlengrar) pliktar vi alle frå tid til anna å innta outsider-filosofen Fante-Thomas' posisjon og sjå "kossleisen desse aspektir og vitnesbyrd tek seg ut i ein annan ordning eller begrep", som han seier når han set på prøve eit av Guds bodord i Garborgs *Fred* – og 'dekonstruerer' tradisjonell forståing av det lagdelte samfunnet ved hjelp av ei kritiekning på eit stolsete (kap. 18). Så la oss ikkje ri inn i den nye solnedgangen på gamle kjeppestår – og spørje kva/kven som tener nynorsken og målrørsla best. La oss f. eks. heller begynne med spørsmål som delar av målrørsla synest å ha gløymt svaret på: *Kva og kven blei nynorsken til for?* *Kva*

og kven er nynorsken til for? Og la oss i første omgang gi eit negativt svar i form av ein provoserande påstand: *Nynorsken er i alle fall ikkje primært til for målrørsla og målaktivistane sin del!*

Det symbolske ordet og Den Symbolske Orden

'Noreg'

Eit framifrå eksempel på dette dilemmaet er den typisk (ny)-norske debatten om namneformene 'Noreg' og 'Norge' bør/kan/skal jamstillast som landsnamn i nynorsk skrift.¹ Striden stod i hovedsak mellom på den eine sida dei NorskDomsfolka som meinte den nasjonale og målorganisatoriske symbol- og markeringsverdien til Noregnamnet var overordna – og på den andre sida dei som la mest vekt på *talemålsgrunnlaget* for landsnamnet – kombinert med *pedagogiske* og *demokratiske* sider og det faktum at eit stort folkefleirtal – også blant "nynorskfolk" – brukar [Norge] i sitt naturlege taletmål. Til og med eit så moderne 'nynorsk menneske' som Ottar Grepstad stod fram som fundamentalist gjennom sitt retorisk begrunna framifrå forsvær for 'Noreg' som avgjerande og skilsettande *symbol* på om ein er 'innanfor' eller 'utanfor':

Noreg [...] det einaste absolutte nynorske symbolet som ingen kan misforstå og som ber i seg heile grunnlaget for skiljet mellom dei to språkformene. [...] Nynorsken har eitt symbol: Noreg. Det bør vere ein tankekross at utan namneforma Noreg kunne vi ikkje ha snakka om nokon nynorsk femtilapp i 1985. [...] Symbolet Noreg er provoserande,

det viser jo reaksjonane i 1985. [...] Jo. Noreg er eit godt symbol, trur eg. Som alle andre symbol byggjer det på konvensjonar. [...] symbolet Noreg [er] truleg like uunverleg for målrørsla og nynorskbrukarane som krossen er for kyrkja eller den raude fana for sosialistane. Når symbolet berre er kjent nok, har eventuelle intellektuelle motførestellingar einast privat interesse.²

"Det nyttar ikkje å lese korrektur på symbol", sluttar Grepstad og siktar til "Bøllene i frognerpels" som retta 'Noreg' til 'Norge' på Vinje-femtilappane. – Med fare for å bli sett på som ulv i frognerpels – men i håpet om ikkje berre å målbere "privat interesse" – vil eg kome med noen motforestillingar til 'symbolismen' i målrørsla.

Men først ein replikk om femtilappen: "Det bør vere ein tankekross at utan namneforma Noreg kunne vi ikkje ha snakka om nokon nynorsk femtilapp i 1985", seier Grepstad. Mulig det, men det bør også vere eit tankekors at utan tvihaldinga på namneforma Noreg kan det hende at vi hadde hatt Vinje og fleire andre nynorske forfattarar på frimerke og sedlar lenge før 1985 – og langt oftare enn nå! Og det er vel *det* som er vitsen?³ Det er rett at vi skal ta symbola på alvor og at vi treng dei. All identitettsdanning og kulturskapning er, som eg skal kome meir inn på nedanfor, symbolske konstruksjonar – og dei fleste menneskelege fellesskap blir langt på veg haldne saman ved/ som symbolrelasjonar. Men tilfellet Noreg illustrerer også eit allment problem målrørsla må ta inn over seg: Den Symbolske Ordens dilemma – tendensen til å fungere inkluderande og

ekskluderande samtidig; alle fellesskaps trøng til å opprette band innad og vere grensemarkende utad. Ja, ofte er det slik at jo betre band-funksjonen er, jo skarpare blir barrierane og grensene⁴. På godt og vondt. Ottar Grepstad har nok rett i at 'Noreg' er eit godt, bindande Ord for Den Nynorske Orden fordi "det [er det] einaste absolutte nynorske symbolet som ingen kan misforstå og som ber i seg heile grunnlaget for skiljet mellom dei to språkformene".⁵ Men ser vi "kossleisen desse aspektir og vitnesbyrd tek seg ut i ein annan ordning eller begrep", er eg redd *Noreg* og landsnamn-debatten også har ein negativ symbol- og signalverdi: Det blir teiknet for den 'dørstokken' som får svært mange barn og ungdommar til å bli negative til nynorsk skriftnormal. Det blir teiknet på at nynorsk er eit "forbodsspråk" som er vind-skeivt⁶ i forhold til "Folkets Tale" og "Almuens Mund" (Wergeland). Det blir symbolet og teiknet for at nynorsken har forvandla seg frå ei potensiell radikal utviding av normalskrifta sitt 'dekningsområde' for 150 år sidan – til Rett Skrivings Normal og Norsk Dom.

Rundt omkring i [Norge] foregår der f. eks. stadig ei språkdømming og "korrekturlesing" av eit anna og meir avgjerande slag enn frognerpelsens 'retting' av *Noreg* til 'Norge' på femtilappane: hundre og tusenvis av skoleelevar får – i denne stund – rauda merke i dei nynorske stilane og elevarbeida sine – fordi dei f. eks. skriv 'Norge' eller brukar talemålet og talemåtane sine i skrift⁷. Dei fleste norsklærarar har vel fleire gonger møtt variantar av

replikkane "Kvífor skal eg velje/skrive nynorsk når eg der ikkje eingong får skrive landsnamnet mitt slik eg seier det"? Ungdom har stor sans for symbol, men og for logikk: "Lærar! Kvífor er der ikkje samsvar mellom stilrettinga⁸ di og den språkhistoriske læra di om at nynorsken blei til fordi folk flest skulle få ei fri og smidig skriftspråkform for tanken og talen sin"? "Der er sikkert mange flotte ord å lære i nynorsken, men kvífor skal eg bruke nynorsk når det betyr ei avgrensing av språket mitt"?

Som godt språkskolerte norskepedagogar frå universitet og høgskolar kjenner vi dei automatiske og obligatoriske svara på slike spørsmål. Men kva om vi også brukte Aasen-året til avautomatisering? Til å spørje om i kva grad det er rett å forsvare nynorsken mot det som er utanfor grensene – det ureine, uhyllege og uhøyrt? I ein diskusjon om kor slike grenser går, om kva som er våre lingvistiske og kulturelle venleiksideal, må vi ikkje gløyme at Det Nynorske Prosjektet, som *Noreg* liksom skal vere eit *dekkande* symbol for, i si tid starta som ein uhøyrt og uhylleg kulturmålet for å få unemnelege norske lydar og ord inn på den skriftspråklege arenaen.

"Skjønheten og Uhyret"

Eg brukar med vilje uttrykket 'uhylleg' ovanfor fordi motkulturar alltid har blitt framstilt som det når den rådande Skrifta vegrar seg mot det som kjem utanfrå. Som f. eks. då Wergeland begynte på si uhøyrt fortelling om norsk språk-re-formasjon – og kom i

strid med Welhaven, som på si side:

i sin ungdom [var] en fuldendt skjønhed; især skal hans øine ha været merkverdige, de eide en glans, som gjorde dem selvlysende; naar han blev ivrig, skjød der blinkende lyn af dem, og de virkede som en magnet, der drog alles opmerksamhet til sig. Han hadde et vakkert og bøieligt organ; lidt høirøstet og lidt affekteret var han med dansk farvede vokaler og en altfor tilsigtet dialektfri udtale; men dette generede ikke hans omgivelser; – tvertimod – der var ikke saa faa, der gik omkring og etterlignede ham.¹⁰

Det radikale skiljet mellom Welhaven som forfina personifisering av den tradisjonelle (smale) kulturen og Wergeland som – i liv og tekst – figurasjon for (ein til då) ikkje-kultur (almuens tale-røyr) har ofte form av eit "dyrestempel" som etter kvart blei prega på Wergeland og flokken hans. Welhaven seier det sjølv slik:

Her er nu mine Fjender, Mennesker med Torskehoveder og med Oxehoveder og med Hunde-hoveder, Mennesker med Pigger og med Klør og med Haitænder. Bare jeg gaar stille paa Gaden komme de undertiden snøftende og gryntende og pibende, ligesom om de vilde give til Kende, at de gerne skulde æde mig [...]¹¹

Dette må ikkje lesast som tilfelige skjellsord av ein skvetten besteborgar, men som uttrykk for kjernen i Welhavens kritikk av Wergelands estetiske arsenal og freistnad på å finne eit språk- og skriftkulturfundament i folket og almuen – *utanfor* den etablerte og tradisjonsrike skriftkulturen. Welhavens redsle for å bli fortært står for det etablerte si redsle for tap av kulturelt hegemoni. Eller skal vi seie: tap av kulturell identitet.

AASEN OG OSS

Janus-ansikt

Dilemmaet til Det Nynorske Prosjektet i dag er at det på den eine sida framleis er/oppfattar seg som/definerer seg som ein motkultur – ei *mot-skrift* – samtidig som det på den andre sida lenge sjølv har vore del av den etablerte norske Skrifta. Prosjektet har eit fiendebilde med Janus-ansikt, men ser sjølv berre den *eine* profilen: *Bokmålet* og internasjonaliseringa av språkkulturen (begge delar definert som inautentisk ‘framanddom’, ei feilslått forlenging av ‘danomaniet’). Den andre profilen som det er så vanskeleg å få auge på er *konturane av sitt eige ansikt*¹² – eller skuggen av sin eigen Ordentlege kropp.

Tove Bulls utfording

Språk-, kommunikasjons- og mediesituasjonen i [Norge] er radikalt endra i høve til den tida då Aasen og Knudsens prosjekt legitimerte seg. Dersom Det Nynorske Prosjektet skal kunne presentere seg som eit gyldig språkfrigjerande alternativ for barn og ungdom i dag og i morgen, må det sleppe seg laus – ta konsekvensane av, og oppa i seg, den fantastiske, fridige og rappande rike språkpraksisen som lever i konglomeratet [Norge]. Den nynorske litteraturen har takla slike utfordringar bra gjennom tidene. Verre er det å reformulere det lingvistiske prosjektet. Ein god start kan vere professor Tove Bulls kloke utfording og konklusjon i artikkelen “Aasen, språk og identitet”¹³:

[...] ein konklusjon som sannsynligvis vil vere temmelig kontro-

versiell i delar av målrørsla: Skal ein ta på alvor at identitet er eit relasjonelt fenomen, må det få som konsekvens at alt som blir kalla knot, blir stuereint. Den språklige toleransen som langt på veg omsluttar dei tradisjonelle dialektane her til lands, må utvidas til å gjelde alle slags idiolektar, alle slags språklige blandingsformer og alle typer språkkontaktfenomen. Bare gjennom ein slik toleranse som blir levd ut i praktisk språkliv, kan vi vise at den språksosiale og språkdemokratiske holdninga som Aasen målarbar, er ein arv som lever vidare mellom nynorskninga.

Frå heimstaden min til “My Home-page” – ein analogi om å vere eit (u)beskrive blad

Språk, tekst og identitet

Bakgrunnen for både Wergeland, Aasen og Det Nynorske Prosjektet var og er at både individuell og kulturell identitetsdanning er eit språkleg og tekstleg fenomen. Dette er det blitt teoretisert om på mange måtar. Ein vanske (?) er her at det er uråd å snakke om og fatte fenomen som “språk” og “identitet” uten å ty til metaforar eller analogiar. Eg vågar meg i det følgjande derfor frampå med denne varianten: Ein ny inngang (analogi/metafor) til noen poeng omkring sambanden *identitet – språk – tekst* kan gå via eit moderne fenomen, storteksten *Internett* og *World Wide Web (WWW)*. Personar og grupper namngir og presenterer seg i dette kommunikative fellesskapet via ei individuell *“Home Page”*, på norsk *“Heimeside”* eller *“Hjemmeside”*. Kvar slik presentasjonsside er sett saman av teikn og tekstu-

bitar: skrift, tale, bilde av ymse slag (og nå meir og meir lydar av anna slag enn tale).

Ei heimeside kan vere enkel eller komplisert. På den legg den einskilde gjerne ut ei blanding av personleg-privat informasjon og det han meir sakleg har å fare med, vise fram eller tilby av kunnskapar og andre resursar. Heimesida er fleksibel, lar seg heile tida endre – er prinsipielt alltid *“under construction”* som det gjerne heiter; – “under (heavy) continuous construction”.

Ein svært viktig del av oppbygginga av slike sider er fenomenet *link*: dvs “peikarar” til andre “heimar” – “heim-stader” i det store nettet. Kvar heimeside som vil vere interessant, har slike lister med linkar som gjer det mulig å flytte lynraskt til ein annan stad eller ein annan person som er laga, eller som er *“under construction”* på ein annan måte. Dei identifiserbare, individuelle sidene heng saman og viser til kvarandre. Peikar på/til kvarandre. Dei/vi består av kvarandre. At eg *“på mi side”*(!) eksisterer, er avhengig av at eg *“på den andre sida”*(!) er fylt og samansett av Dei Andres “sider”. Konsekvens: ein slik eksistens er ikkje ein gitt storleik som finst her eller der på eit flatt, avgrensa område; nei “den enkelte” må oppfattast som ein *“hypertekstleg”* relasjon mellom sine festepunkt i kulturnettet. Vi er i dei andre. Vi er konstruert av summen av dei *“linkane”* som til eikvar tid er under meir eller mindre *“heavy continuous construction”* i oss.

For å seie det paradoksalt: sidene – dvs. *vi* – blir konkrete og identifiserbare ved å vere samansette samnemnarar, abstrak-

sjonar, av "andre" stader. Det er umulig å gjere/vere noe anna. Den 100% originale, "link-lause" personlege heimesida eksisterer bare som eit personnummer, ein talkode, ei tom adresse – Den "link-lause" personen er uten relasjonar, han er identitets-laus, – død.

Peer Gynt

Slike tragiske eksistensielle forhold med tome "heimesider" har sjølv sagt Ibsen for lenge sidan behandla i *Peer Gynt* – den teksten som framfor andre tematiserer individ- og identitetsproblematikken gjennom sitt hovedspørsmål: *Hva er det "å være seg selv" i grunnen?* På Dårekista i Kairo erkjenner Peer at han ikkje heilt "er sig selv", "heimesida" hans er tom. Han manglar "linkar" til dei viktige sidene og personane i kulturen – og ingen bryr seg om å ha linkar til hans side. Derfor seier Peer Gynt:

Min historie, herr penn, er i korthet vevet, – jeg er et papirblad og blir aldri beskrevet.

Og verre blir det mot slutten i dette identitetsdramaet: Då må han på sine heime-trakter haste frå korsveg til korsveg, frå møte til møte for å framskaffe om ikkje anna enn eit "synderegister" eller anna *papir* på at han har ein eksistens dvs. *utanfor* seg sjølv i forhold til andre. Viss ikkje, blir han "støypt om" – reformatert, ville kanskje Ibsen ha sagt i dag. Når Peer til slutt verkeleg erkjenner poenget med at ein aldri kan ha/vere ein link-laus identitet – at ein aldri kan vere ei isolert "heimeside" – men alltid må få sin eksistens – bli 'sig selv' som

bidrag til andres sider, – så er det i Peers tilfelle i forhold til Solveig. Han *har* eksistert utanfor seg sjølv, som del av eit anna menneske – på ein annan heimstad:

Peer: Hvor var jeg som meg selv, som den hele, den sanne?
[...]
Solveig: I min tro, i mitt håp og i min kjærlighet.

La oss stoppe eit øyeblikk til ved *Peer Gynt* før vi går over til spørsmål omkring nasjonal identitettsdanning: Denne teksten er i seg sjølv godt eksempel på noe alle Norskklærarenes lesarar har linkar til: større eller mindre bitar av teksten *Peer Gynt* er å finne på "heimesidene" til alle i vår kultur. Teksten eksisterer som del av oss. Vi eksisterer fordi vi – bl a – er berar av desse bitane. Dei er brokkar av den mosaikken vi kallar identitetten vår – bidrag til dei fellestrek som gjer at vi identifiserer kvarandre – og lar oss identifisere!

Eit anna poeng er her at teksten *Peer Gynt* som kjent i seg sjølv består av sitatfragment frå andre viktige tekstar og referansar til andre viktige "heimesider" på det Nettet vi kallar Kulturen vår – ikkje minst tilvisingane til den store samlinga av Skriftstader: *Bibelen* – som på si side påstår å representera/innehalde ein mulig *overskridande* link til Den Store Nettverksoperatoren bak alle historias "heimesider" – der han sit og fører Livsens Bok. Poenget mitt med desse noe billige og lettvinde analogiane og ordspela er verken å vere morosam eller gravalvorleg. Verken å banalisere det vanskelege eller gjere det enkle innfløkt. Poenget er å få tak i noe fenomenologisk –

vise korleis forstillingane våre omkring individ, personlegdom, subjekt, identitet, kultur har med språk å gjere – vise korleis orda og tale-måtane våre inneholder spor og element av viktig innsikt: individet og identiteten er språkleg konstruert: heime-side, det vere eit beskrive/ubeskrive blad, – og for den saks skuld: vere oppført i Livsens Bok.

Til-høyre-staden

Nå vil noen innvende at desse eksempla er begrensa til skrivekunsten eller multimedias hypertekstar. Og at dei viser språklege medieformer som er historisk avgrensa. At analogiane ikkje fangar inn det basale: det talte, munnlege mors-målet. Som teikn på at poenget held allment vil eg be lesarane ('til-høyrarane' mine) tygge på det språklege i formuleringar som: "å høre til", "å høre heime", "Til-høyre-stad", "Vere heime-høyrande".

Merk den språk-sanselege ordbruken: Det er den staden der du/andre høyrer at du høyrer til. Språk-lydane gjer at du kan identifiserast, du kan 'heimfestast', som det heiter med eit norskfagleg uttrykk. Fysisk, nesten naturleg. Å ha eit talespråk er på ein måte nesten å uttrykke ein stad – re-presentere han – i form av eit sett sansbare miljøkarakteristika (f. eks. fonetiske, morfologiske og syntaktiske forhold). Slik er vi gjennom språket på ein måte berar av stadens topografiske særtrekk.¹⁴

Men: der er ikkje berre denne tydingsmuligheten av å høre kor ein høyrer til. Å 'tilhøyre' tyder like mykje å tilhøyre i meir "juridisk" forstand: å bli eigd av, vere bunden til. Eit aspekt av

AASEN OG OSS

'ufridom' og underordning, band: den du skal/må høre på – dvs tilhøyre. Det tyske ordet "gehören" blei i tydinga *tilhøyre* først brukt om dei *liveigne*. (Det nynorske ordet for link er *lenke*).

Her er vi ved eit poeng som illustrerer noko av det eg har vore inne på om Det Nynorske Prosjektet sitt dilemma: språket sin dobbeltkarakter av å binde oss og lausrive oss: *heim-feste oss* – samtidig som identiteten eigentleg ikkje heilt kan stadsfestast: vi flyttar oss som sagt stadig i og med den prosessuelle oppbygging av våre heimesider – under continuous construction, "heavy or not"....

Identitetsdanning og -forandring

Eg har altså framheva at det å ha ein identitet ikkje primært er eit sosio-logisk, eller psyko-logisk, men eit *tekstleg* fenomen. Det dreiar seg om korleis vi blir del av samfunnets nettverk/vev av sjangrar, tale-, skrive-, tenke- og forståingsmåtar. Det dreiar seg om å oppta (lære å kjenne) stadig fleire av samfunnets teikn og symbol.

Dermed blir f. eks. barnets identitet å forstå som 'feste' av eg'et til ein *tekstlokalitet* – feste til eit delområde i den større tekstevenen. Og *identitetsdanning* blir eit prosessuelt og relasjonelt fenomen: det å feste/binde ego'et til dei stader (topos) ein umiddelbart høyrer heime: heimen/familien – kjønnet – gjengen – bygda/byen – nasjonen osv. Føremålet er bl. a. å kunne vere og gjenjenne 'seg sjølv' gjennom trygge omgivnader. Knyte seg opp mot kjende figurar, teikn, symbol (f. eks. 'Noreg'), heltar, fortellingar, mytar, sang, musikk,

spel, leik [...]

Ein persons identitet blir såleis på ein måte det 'punktet' – det 'fokus' – som trådane samlast i i kvart individ – eller dei mørnstra som festepunkta utgjer og dannar i kvart tilfelle (f. eks. nasjonale mørnster).

Men det dreiar seg ikkje bare om 'det å feste', – men og *det å flytte feste*. *Identitetsdanning inneber alltid også identitets-forandring*. Denne endringa viser seg ikkje ved at ein brenner alle bruer og kuttar alle band, og går inn i ein ny identitet. Nei, den viser seg som oppretting av *nye festepunkt, 'flytting' av "topos"* – stad – i tekstlandskapet, i språk og tekstkultur.. Denne "flyttinga" kan vere frivillig – eller den kan opplevast som "tvangsflytting" – ikkje minst i samband med skole og læring. Barn og ungdom blir stadig fortalde at den trygge "staden" deira ikkje er god nok: Dei må *kultiverast*. Dei må knyte an til "våre" (dvs kulturarven og mørnsterplanane sine) festepunkt! Flytte dei frå snack-baren, discoteket og gatas uryddige samlingspunkt – til f. eks. den *nasjonale kulturarvens oppdyrka område*. Dei opplever seg som truga ved at vi vil påføre dei andre "tekstar" – dvs. vikle dei inn i andre trådar – enn dei ser vitset med.

Eller meir allment: nasjonale og individuelle identitetar kjennest truga når "framande" språk- og teiknbruvarar kjem inn på – blandar seg inn i – "våre" stader i kulturlandskapet. – Når nye linkar blir oppretta til "område" som er *utanfor*. Då er det ikkje så lett å avgjere kva som er den 'rette' Skrifta. Slik var det f. eks. då den nye "heimesida" "Norsk nasjonalitet" eller "Det norske" eller

"Norsk Språk- og tekstkultur" skulle opprettast og konstruerast etter 1814. Fenomenet "Norsk nasjonal identitet" var då eit temmeleg ubeskrive blad. Det danna ikkje noko tydeleg (identifiserbart) mørnster. Det var eit ennå usikkert "festepunkt" for dei fleste av nasjonens innbyggjarar. Dei *høyrd* framleis *heim* andre stader – lokalt i [Norge] og/eller utanfor [Norge]. Identitetsdanninga (les: identitetsforandringa) var derfor smertefull og konfliktfylt.

Og slik må det vere når eit nytt "Aarhundrede nedrødmer" og Det Nynorske Prosjektet skal diskutere identiteten sin i forlenginga av Aasen-året.

Notar

¹ Debatten starta i 1995, men gjekk langt inn i Aasen-året 1996. Bakgrunnen var eit forslag i Norsk Språkråd frå Herbjørn Sørebø om å jamstelle Noreg med Noreg. Resultatet i Språkrådet jan. 1996 blei vedtak om å tillate "Norge" som klammeform i nynorsk. Etter formelle innvendingar frå Noregs Mållag har Kulturdepartementet ennå ikkje godkjent kompromissvedtaket i Språkrådet. (Sjå Dag og Tid 30.05.96). Etter å ha brukt stor energi på argumentere for at 'Noreg' ikkje er eit landsnamn, men eit symbol, brukar Mållaget i neste omgang *stadnamnlova* til å forpurre eit vedtak som ikkje eingong innber jamstilling med [Norge]. Er det noko som heiter klam(me)formalisme?

² Dei følgjande Grepstad-sitata er frå artiklane "To ord i hovudet" og "Symbolet Noreg" i *Mål og makt* nr. 2 1995, den siste også i boka hans *Retorikk på norsk*, 1988. Eg har her valt Grepstad som eksempel fordi han har det beste og mest seriøse forsvaret for 'Noreg' som eineform i skrift. Var eg ute etter å ironisere, ville eg f. eks. valt leiaren i Noregs Mållag, Olav Randen, som i *Dag og Tid* 18.01.96 klamrar seg til globusen og vil ha 'Noreg', helst 'Norveg', for at alle skal skjøne kor landet ligg. "Norge derimot, framstår for folk

som ei samling bokstavar utan forståeleg innhald."! - Kanskje eit alternativ for Randen er å stikke tingene i jorda?

Vinje hadde nok forresten sikkert talt at der fall eit nasjonalt symbol eller to - Vinje som ein stad fortel at han tenkte triste tankar då han såg eit aldrande Numedalspar i bunadstas vise seg dansande fram for publikum på ein marknad: "Slik gjeng det med det nasjonale. Det syner seg fram på slutten for ein skilling, og så dør det. Det hev levt si tid; so fred vere med det!" - Det syner seg fram - på ein femtilapp...

I artiklane "Identitetens trussel" (1991) og "Kun løs er al fremmed tale" (1989) freistar dansken Hans Hauge å kople identitetsfilosofi med nasjonalpråk ved hjelp av sosiologivisten J. R. Firths idear om band-og-barriere som han finn "tyderst produktive og rummer stort forklaringspotentiale. Ideen er funksjonell. [...] Dette fællesskap indeslutter og omslynger altså dets medlemmer om ikke med et rosenbånd, så i al fald med bånd. Samtidig med at det lukker ind og binder sammen, så udelukker det og sætter grænser. Det hindrer kommunikasjon. [...]. Med et nasjonalpråk konstruerer man et hjem, og man frembringer de fremmede. (Hauge 1989:109). Hans Hauge har henta tittelen på artikelen sin frå følgjande Grundtvig-strofe om morsmålet (1837): "Modersmål er det rosenbånd,/ som store og små omslynger, / i det lever kun fædres land, / og deri kun hjertet gynger."

Slik sett fungerer 'Noreg' også for mange som avgjerande passord - på linje med 'Sjibbolet' i Bibelen; les Domarens bok, kap 12.

Garborgs omgrep er "Inkkongruents"; sjå analysen av *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* (1877) i Time 1996.

For ei problematisering av ordtilfaget i nynorsk, sjå f. eks. Ragnvald Taules artiklar og debatten som følgde i Norsk Læraren 1993-94.

For Ordens skuld: eg talar ikkje her om den type språkfeil som treng retting unsett 'språk', men om kulturbestemt 'utestenging' frå den nynorske skriftas område.

¹⁰ Gran 1899:292

¹¹ Welhaven sitert etter Wallem 1916:176

¹² "Kanskje det nynorske mennesket står i vegn for seg sjølv?" sluttar

Magny Vatne sin tankevekkande artikkel "Sidemål og språkleg identitet. Bekjennelsar frå ein bokmållskrivande stasjonsby-vestlending" i Norsk Læraren 3/91. Sjå og Jon Fosse: "Ubehaget ved nynorsk" i same nr.

¹³ Språknytt 1/1996

¹⁴ Dette er logikken bak f. eks Garborgs argumentasjon for at individuell nasjonalitet viser seg i språket. Sjå Time 1996.

Litteratur

- Bull, Tove 1996: "Aasen, språk og identitet". Språknytt nr. 1 1996
- Firth, J. R.: "Personality and Language" i Allen og Pit Corder (red): *Readings for Applied Linguistics*, London 1975
- Garborg, Arne 1877: *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse*. Kra.
- Garborg, Arne 1897: *Vor Sprogud-viking. En Redegørelse. Med et Tillæg*. Oslo. Også prenta i Verk 11:125-144. [Pamfletten er ei samling av Garborgs innlegg i debatten med Johan Storm; Dagbladet februar 1897]
- Gran, Gerhard 1899: *Norges Dæmring. En litteraturhistorisk indledning*. Bergen 1899. John Griegs Forlag
- Grepstad, Ottar 1995: "To ord i hovudet" og "Symbolot Noreg" i *Mål og makt* nr. 2 1995
- Hanto, Kristian Ihle 1986: *Ideologiar i norsk målreising*. Oslo. Novus
- Hauge, Hans 1989: "Kun løs er al fremmed tale", KVAN nr. 25 1989
- Hauge, Hans 1991: "Identitetens trussel" s. 185-203 i Flink og Hauge (red): *Identiteter i forandring*. Aarhus 1991
- Haugland, Kjell 1971: "Ei folkerørsle blir til". Innleiingsartikkel s. 7-30 i Haugland (red): *Målpolitiske dokument 1864-1885. Ei folkerørsle blir til*. Oslo 1971. Samlaget
- Haugland, Kjell 1985: *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo 1985. Samlaget
- Hobsbawm, E. J. 1992 (1990): *Nations and Nationalism since 1780. Programme, Myth, Reality*. Cambridge University Press
- Hoel, Oddmund Løkensgard 1996: *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865*. KULTs skriftserie nr.
51. Norges forskningsråd. Oslo 1996
- Hoffmeyer, Jesper 1994: *Livets tegn. Betydningens naturhistorie*. Oslo PAX. Norsk utg. av *En snegl på vejen*. Kbh. 1993
- Johansen, Anders 1995: "Medmenesker, landsmenn, samtidige". I *Norsk medietidsskrift 1/1995*
- Time, Sveinung 1984: "Infinitiv". I SYN OG SEGN nr. 1 1984. Dette arbeidet sette i gang ein debatt med Sigmund Skard: "Den heile Vinje" (S&S nr. 4 1984), Time: "Å koma under gauketre" Svar til Skard" (S&S nr. 1 1985) og "etterord", svar til Skards "Sluttmerknad om den heile Vinje"; S&S nr. 2 1985
- Time, Sveinung 1995: "Vi strides om ord". Bidrag til ei lesing og tolking av Wergelands tekst 'Om norsk Sprogreformation'. Omarbeidd manus til innlegg på Nasjonal identitet-prosjektets seminar 20. mars 1995
- Time, Sveinung 1996: "Språk og nasjonalitet". S. 105-195 i Frøyen og Time: *Arne Garborgs kulturnasjonalisme. To studiar*. KULTs skriftserie nr. 61. Oslo 1996
- Vikør, Lars S. 1990: "Linjer i nyare norsk språkhistorie". S. 1-116 i tidsskriftet *Eigenproduksjon* nr. 37. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen
- Wallem, Fredrik B. 1916: *Det norske studentersamfund gjennem hundre år. I-II*. Kristiania 1916. (Spesielt om "1830-aarene. Wergeland-Welhavens kamptid" s. 129-228)
- Wergeland, Henrik: "Om norsk Sprogreformation". Artikkelen er skriven hausten 1832, først trykt i *Bondevennen* 1835.
- Sveinung Time
arbeider i NorsksekSJonen
på Høgskolen i Bergen.
For tida er han forskar på prosjektet
"Utviklinga av ein norsk nasjonal
identitet på 1800-talet"
(Norges forskningsråd)
med eit delprosjekt om
"Arne Garborg og nasjonal
identitetsdanning".